

Finansreglement Radøy kommune 2016 - 2019

1. Rammer og avgrensingar for finansforvaltninga

1.1 Heimel

Finansforvaltninga skal oppfylla dei krava som vert sett til kommunen si finansforvaltning etter gjeldande lovar og forskrifter. Dette reglementet er vedteke av kommunestyret i sak 024/2016 dato 19.05.2016, og kjem i staden for tidlegare vedtekne reglement. Reglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

1.2 Fullmakter

Rådmannen står for den løpende finansforvaltninga på vegne av kommunestyret

1. 3 Rammer for reglementet

Reglementet skal innehalda reglar som hindrar kommunen frå å ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga, gjennom:

- Balanse mellom avkastning, risiko og likviditet
- Samsvar mellom kor komplekse investeringsprodukta er og kommunen sin eigen kunnskap om finansforvaltning, jfr finansforskrifta § 3, 3. ledd.

1.4 Kvalitetssikring av reglementet og administrative rutinar

Finansreglementet og dei administrative rutinane er vurdert av Nordhordland revisjon IKS som uavhengig instans, for å sikra at dei er forsvarlege og i samsvar med regelverket som gjeld.

1.5 Rapportering til kommunestyret

Rådmannen skal i samband med tertialrapporteringa leggja fram rapportar for kommunestyret som viser status for finansforvaltninga. I tillegg skal rådmannen i årsmeldinga syna status og utvikling gjennom året.

Rapporteringa av aktiva og passiva skal beskriva og vurdera følgjande:

- Samansetjinga av aktiva og passiva
- Marknadsverdi, samla og fordelt på ulike typar aktiva og passiva
- Løpetid på passiva og plasseringar
- Vesentlege endringar i marknaden
- Avvik frå reglementet
- Endringar i risikoeksponering
- Marknadsrenter og eigne rentevilkår

Avkastningsreferansar

Rentemarknad: STIX (statssertifikatindeks med rentebinding 0,25 år)

Norske aksjar: OSEBX (aksjeindeks for Oslo Børs)

1.6 Valutarisiko, instrument og derivat

Ingen del av porteføljen kan ha valutarisiko eller vera knytt til andre finansielle instrument enn det som går direkte fram av reglementet.

1.7 Renteinvesteringar og kreditrisiko

Renteinvesteringar skal gjerast i verdipapirfond eller bankinnskot. Ved plassering i verdipapirfond skal ingen del av plasseringa gjerast i fond med gjennomsnittleg kreditrating dårlegare enn A-. Ratinga skal vera gjort av velkjende selskap innafor området.

2. Rammer og avgrensingar for ledig likviditet og andre midlar som skal nyttast til driftsføremål

Føremålet med forvaltninga er å sikra likviditet til å dekka løpende forpliktingar og god risikojustert avkastning.

| | |
|----------------------------------|---------------|
| Bankinnskot og pengemarknadsfond | 100% |
| Avkastningsreferanse | STIX |
| Rentebindingstid | Inntil 0,5 år |
| Kreditrisiko | Jfr punkt 1.7 |

For å spreia risiko, bør plasseringar ut over kr 10 mill fordelast på fleire finanseringsinstitusjonar.

3. Rammer og avgrensingar for langsiktige finanzielle aktiva unntake driftsføremål

Ut frå Radøy kommune sin noverande finanzielle situasjon kan det ikkje gjerast langsiktige plasseringar i finanzielle aktiva. Kommunestyret kan gjera unntak for plasseringar av strategisk karakter.

4. Rammer og avgrensingar for gjeldsporteføljen og andre finansieringsavtalar

Føremålet med forvaltninga er å sikra lågast mogeleg finansieringskostnad, stabil finansiering og god likviditet.

| | |
|----------------------|-------------|
| Rentebindingstid | Inntil 3 år |
| Avkastningsreferanse | STIX |

Det er ikkje høve til å nytta rentebytteavtalar, framtidige fastrenteavtalar eller andre ikkje-renteberande finanzielle instrument.

Likviditetsrisiko/refinansieringsrisiko

Gjeldsporteføljen skal ha færrast mogeleg lån, men likevel slik at likviditetsrisiko og/eller refinansieringsrisiko vert avgrensa.

1. Einskildlån skal ikkje utgjera meir enn 30% av den samla gjeldsporteføljen
2. Lån kan takast opp som avdragsfrie lån eller lån med opne seriar
3. Sum årlege avdrag må minst vera lik krava til minsteavdrag iflg Kommunelova § 50 nr 7.
4. Inntil 50% av gjeldsporteføljen kan ha rentebindingstid. Rådmannen har fullmakt til å fastsetja fordelinga mellom flytande og fast rente til ei kvar tid.